

## Om orda på lista 2019 (nn)

### ***klimabrøl***

Debatten om klimaendringane har gått i mange år, men 2019 vart året då ungdom generelt og Greta Thunberg spesielt gav røyst og ansikt til eit kraftig forsterka engasjement mot klimaødeleggingar. I Noreg samla tusenvis av menneske seg ein dag i slutten av august for å rope ut budskapet sin om at for lite blir gjort for å avgrense den globale oppvarminga. Tiltaket fekk namnet *klimabrølet*, og Språkrådet meiner ordet *klimabrøl* fortener status som årets ord 2019. Det oppsummerer på ein kraftfull måte styrken i klimaengasjementet som særleg ungdom har vist dette året. Etterleddet *-brøl*, brukt mellom anna i samansetningar som *sigersbrøl*, *tribunebrøl* og *kollenbrøl*, uttrykkjer i slike samanhengar helst stor begeistring, men *klimabrøl* gir sterke assosiasjonar til fortvilning, sinne og protest.

### ***bunadsgerilja***

Sentralisering har vore eit mykje omtalt tema i Noreg i 2019. Ein profilert aktør i lokal motstand mot nedlegging av sørvistilbod i distrikta har vore *Bunadsgeriljaen*, ei rørsle av bunadskledde kvinner som først oppstod i protest mot nedlegging av fødetilbodet ved sjukehuset i Kristiansund. Etter det har lokal bunadsgerilja engasjert seg i protest mot nedlegging av tilbod andre stader også. Ordet *bunadsgerilja* er heilt nytt og har i seg ei spennande motsetjing mellom *bunad*, som gjerne får oss til å tenkje på høgtidelege anledningar, fest og tradisjon, og *gerilja*, som heller minner oss om spontan og uregjerleg motstand. Ordet har fått stor symbolverdi i spenningsfeltet mellom by og land, som gjerne set sterke kjensler i sving.

### ***kjøttskam***

Med auka interesse for det individuelle ansvaret folk har for å unngå åtferd som er negativ for klimaet, fekk vi i 2019 ei rekkje nye samansette ord på *-skam*. *Flyskam* var på lista over årets nyord frå Språkrådet i Sverige i 2018, og det var også det første skam-ordet som vart teke i bruk i den norske klimadebatten. Førsteleddet i desse orda er det som utløyser skamma. Språkrådet vil gjerne trekkje fram *kjøttskam* som ein god representant for denne språklege nyvinninga. Det er ikkje minst svært aktuelt no i førjulstida, då vi blant anna har hatt debattar om kjøttfrie julebord og servering av vegetarmat på sjukeheimar. Andre døme på klimarelaterte skam-ord er *bilskam*, *cruiseskam* og *klimaskam*. Nyord som *matpakkeskam* og *ferieskam* viser at denne ordtypen er produktiv også når det ikkje handlar om klima.

### ***scenenekt***

Den store auken i bruk av ordet *scenenekt* er eit døme på korleis gode norske avløyसारord kan gå inn og erstatte utanlandske lånord. Fenomenet «no-platforming», det at ein ikkje gir folk ein er grunnleggande usamd med, ei plattform eller scene dei kan ytre seg på, blir stadig oftare omtalt som *scenenekt* her til lands etter at det først vart brukt i Morgenbladet. Om utviklinga held fram, kan dette norske ordet bli det som om få år blir mest brukt om fenomenet i Noreg.

### ***kveikøl***

*Kveikøl* er ein type øl som vart kommersielt tilgjengeleg mot slutten av fjoråret. Ølet blir brygd på *kveik*, som er eit gammalt norsk ord for gjær, og det har lange tradisjonar i lokal ølbrygging. Kvar gard hadde gjerne sin eigen gjær, og *kveik* er ein type gardsgjær som særleg har tilknytning til Vestlandet. Ordet *kveikøl* er likevel nytt, og det får representere ein gamal norsk tradisjon som har dukka opp som ny.

### ***overturisme***

*Overturisme* er ikkje eit heilt nytt ord, men det fekk eit kraftig oppsving i Noreg i år, ikkje minst i samband med diskusjonen som har gått det siste året om dei belastningane mange lokalsamfunn blir utsette for når det kjem svære cruiseskip. Ordet kjem av det engelske *overtourism*, som har vore nokså mykje brukt sidan 2015. *Overturisme* er enda eit av orda som har vakse fram i debatten om klima- og miljøbelastningar.

### ***sovekapsel***

For at tog skal bli eit meir konkurransedyktig alternativ til fly i framtida, blir ulike tiltak diskuterte. Eitt av dei er å betre tilbodet på nattoga, blant anna ved å tilby *sovekapslar*. Ein sovekapsel er eit avlukke akkurat stort nok til at ein vaksen person kan sove der, eit meir plasseffektivt alternativ til ein sovekupé. I norsk samanheng er ordet nesten nytt. Tidlegare har det berre vore sporadisk brukt om bitte små hotellrom eller opphaldsrom, særleg i Japan. Etterleddet *-kapsel* viser til noko som omsluttar noko eller nokon tett, og ordet gir dermed assosiasjonar både til liten plass og den kjensla av tryggleik ein kan få ved å krype saman i ei hule.

### ***helsesjukepleiar***

*Helsesjukepleiar* som erstatningsord for *helsesøster* har fått sitt endelege gjennombrot i 2019. Det har vore brei semje om eit ønske om å erstatte kjønnsmerkte yrkestitlar med kjønnsnøytrale, men i praksis har det ikkje alltid vist seg å vere enkelt, rett og slett fordi vi ikkje har funne fram til gode alternative ord. *Helsesjukepleiar* er eit vellykka døme på eit godt alternativ sidan overgangen frå gamal til ny yrkestittel har gått fort og møtt liten motstand.

### ***havvind***

*Havvind* er eit gammalt ord, men det er ganske nytt som nemning for energien vi får ved hjelp av vindmøller til havs, eller teknologien som blir brukt ved utvinning av slik energi. Auken i bruken av ordet har vore stor i 2019, ikkje minst i samband med debatten om planane for vindmølleparkar rundt om i landet. Utviklinga av ordet er nokså parallell med den vi tidlegare har sett for ord som *olje* og *gass*. Også *havvind* er eit ord med tilknytning til den auka interessa for klima og miljø.

### ***skrønike***

*Skrønike* er eit kreativt døme på såkalla teleskopord, ord som er sette saman av første delen av eitt ord og siste delen av eit anna. I dette tilfellet er det orda *skrøne* og *krønike* som danner grunnlaget for nylaginga. Ordet oppstod som nemning på ein humorprega musikal ved Trøndelag Teater tidlegare i år og kan best beskrivast som ei historisk framstilling med eit lettvent forhold til historiske fakta. Her kan ein ny sjanger vere fødd.

Andre gode ord og uttrykk som ikkje nådde opp på lista, er *mikromåne*, *tidsisme* og *tidsfri sone*.